

Fra: havard.markhus@gmail.com

Sendt: 03.02.2017 16:32:50

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Saksnummer: 2014/11828

Vedlegg: Sponsorbrev NM 2017.docx

Til Hordaland Fylkeskommune

Hardanger BTK arrangerer senior-NM i bordtennis i Norheimsund og Øystese 3.-5. mars 2017! Me søker med dette Hordaland Fylkeskommune om støtte til meisterskapen. Dette vert det mest prestisjetunge bordtennisarrangementet i Hardanger nokonsinne! Det er heller ikkje kvar dag det vert kjempa om kongepokalar i Kvam! Og ein av favorittane til å vinna kongepokalen blant herrane er Roger Andersson frå Hardanger BTK, som er busett i Øystese!

Me håpar at Hordaland Fylkeskommune ser verdien av at lokale lag tek på seg store, nasjonale arrangement, og at de vil støtta arrangementet!

Meir info finn dei i vedlagte sponsorførespurnad.

I sponsorbrevet står det ulike summar som ein kan støtta med. Dersom fylkeskommunen ynskjer å støtta arrangementet med eit anna beløp eller med gåvepremiar står de fritt til det!

Me er klar over at søknaden kjem seint, men me har først nyleg fått vita at det er mogleg å søkja fylkeskommunen om støtte. □

Me er også klar over at de normalt har ein søknadsfrist 15. april året før meisterskapen, men då var ikkje denne eingong tildelt oss. □

Dersom de ynskjer meir info kan de ta kontakt med underteikna.

mvh

Håvard Markhus

Hardanger BTK

91535549